

2019 – 2021

UTVIKLINGSPLAN MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE

Måløy vidaregåande skule
Sogn og Fjordane fylkeskommune
2019 – 2021




Innholdsliste

1. Den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane har som overordna mål:.....	2
2. Visjon og verdigrunnlag.....	2
3. Overordna målsetjing og målgruppe.....	3
4. Kvalitetssystem.....	3
5. Satsingsområde for perioden 2019 - 2021.....	3
Trivsel.....	3
Meistring.....	3
Gjennomføring.....	4
Samarbeid med privat og offentleg næringsverksemd.....	4
6. Tiltaksplan skuleåret 2019/2020.....	4
Trivsel.....	4
Meistring.....	5
Gjennomføring.....	6
Samarbeid med privat og offentleg næringsverksemd.....	8
Mål og strategiar per avdeling.....	9
Teknikk og industriell produksjon.....	9
Bygg- og anleggsteknikk.....	9
Naturbruk.....	9
Helse- og oppvekstfag.....	10
Restaurant- og matfag.....	10
Studiespesialisering.....	11
YSK/TAF.....	11
Maritime fag.....	12
Leiargruppa.....	12
7. Forankring og evaluering.....	12



1. Den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane har som overordna mål:

- Elevar₁ og lærlingar i Sogn og Fjordane har det kvalitativt beste opplæringa.
- Vidaregåande opplæring er organisert slik at ein har eit breitt tilbod til ungdom og vaksne i Sogn og Fjordane.
- Vidaregåande opplæring spelar ei viktig rolle for kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket.
- Opplæringa er heilskapleg frå grunnskule til fullført vidaregåande opplæring.



2. Visjon og verdigrunnlag

Måløy vidaregåande skule har i dag eit breitt utdanningstilbod innanfor seks yrkesfag og studiespesialisierende fag, samt YSK (TAF) som er ein kombinasjon av desse. Til skulen høyrer også Sikkerheitssenteret i Måløy, som har utvikla ei omfattande kurs- og oppdragsverksemd innan maritim sektor.

Skulen har eit tett samarbeid med Fagskulen i Sogn og Fjordane avdeling Måløy og opplæringsfartøyet Skulebas, som samla utgjer eit opplæringsmiljø som er unikt i regionen.

Vi utdannar arbeidskraft til privat og offentleg næringsverksemd, lokalt og regionalt. Vi har eit tett samarbeid med næringslivet og det offentlege både når det gjeld bedriftsbesøk, utplasseringar,



læringsplassar, kursverksemd, gjennom felles arrangement og andre treffpunkt. Elevane ved Måløy vidaregåande skule skal få god kjennskap til kva bedriftene og kommunane rundt oss kan tilby.

På Måløy vidaregåande skule står enkeltelevane i sentrum. Dyktige tilsette har som mål at alle elevar skal oppleve læring og meistring her hos oss. Skulen skal vere synleg i lokalsamfunnet og bidra til å gjere Måløy og regionen rundt endå meir attraktiv for ungdom.

Gjennom forpliktande samarbeid, høg kompetanse og gode rutinar skal vi nå desse måla.

DIN VEKST – VÅRT OPPDRAG!

3. Overordna målsetjing og målgruppe

Måløy vidaregåande skule skal bidra til at elevane i Sogn og Fjordane skal få den kvalitative beste opplæringa.

Måløy vidaregåande skule skal, saman med Sikkerheitssenteret i Måløy, vere regionen sin fremste leverandør av opplæring og kurs innan eit breitt fagfelt, og med spesielt fokus på marin og maritim opplæring.

Målgruppene for verksemda er elevar, føresette, private og offentlege næringsverksemdar i regionen og fylket.

4. Kvalitetssystem

Måløy vidaregåande skule og Sikkerheitssenteret i Måløy, har eit felles kvalitetssystem som omfattar dei to einingane. Kvalitetssystemet beskriv mål og arbeidsmåtar, vedlikehald, revisjon og oppfølging/forbetring, og skal gjelde alle prosessar som betyr noko for studiekvaliteten, frå informasjon til aktuelle søkjarar til avslutning av studiet/opplæringa. Kvalitetssystemet er tilgjengeleg for alle brukarar, både tilsette og elevar, gjennom OneNote.

5. Satsingsområde for perioden 2019 - 2021

Trivsel

Leiing og tilsette skal skape gode relasjonar, godt klassemiljø og auka læringsutbytte. Måten vi organiserer skulekvardagen og læringsarbeidet på skal gi elevane lyst til å vere på skulen. Elevane skal naturleg involverast i planlegging, gjennomføring og evaluering av læringsarbeidet. Det skal leggjast til rette for attraktive samlingspunkt for elevane.

Meistring

Elevane opplever ein tydeleg samanheng mellom mål, innhald, læringsstrategiar og vurdering.

For å gje best mogleg undervisning må dei tilsette vere fagleg oppdatert, og vi må dele kunnskapen som finst i organisasjonen.



Vi skal auke den digitale kompetansen hos tilsette og elevar og bli betre på å bruke dei digitale læringsressursane som pedagogisk verktøy for læring.

Vi skal følgje opp elevane gjennom heile læringsløpet, med sikte på sluttkompetanse.

Gjennomføring

Gjennomføring er for dei fleste elevane ein sjølvfølge. Dei elvane som har utfordringar i høve gjennomføring skal få hjelp og støtte av skulen innanfor dei rammene som er sett. Vi skal jobbe for å få auka gjennomføring ved skulen.

For å hindre fråfall skal vi auke graden av yrkesretting i fellesfaga og satse på tilpassa opplæring.

Samarbeid med privat og offentleg næringsverksemd

Vi skal halde fram med å vidareutvikle det tette samarbeidet med privat og offentleg næringsverksemd for å kunne gje elevane den utdanninga dei etterspør, både innan yrkesfag, studiespesialiserande og YSK (TAF). Vi skal ha meir medviten og målretta bruk av hospitering i næringslivet og det offentlege.

Skulen skal initiere og delta på ulike prosjekt i samarbeid med næringslivet og det offentlege.

Vi skal legge vekt på språkkunnskap og kulturforståing, i ein region der mykje av næringslivet er internasjonalt retta.

6. Tiltaksplan skuleåret 2019/2020

Trivsel

Utviklingsmål	Tiltak	Ansvarleg	Tidsrom
Alle elevane skal bli sett og høyrte.	Bygge sosiale relasjonar i klassene.	Kontaktlærer	Heile skuleåret.
	«Drømmeskolen» - Eigen plan for aktivitet	Ressursteam og kontaktlærarar	Skulestart, 2019/2020
	Trivselstiltak ved skulestart. Klassevis og heile skulen.	Kontaktlærer Miljøkoordinator	August-september.
	Gjere sosiale ting i klasserommet	Kontaktlærer Faglærer Elevmentorar	Kvar mnd.
	Prioritere bruk av: -Undervegssamtalar. -Fagsamtalar.	Kontaktlærer Faglærer	2-3 stk haust. 2-3 stk vår.



	<p>Oppfølging av elevrådet. -Gi elevrådet opplæring og støtte i arbeidet sitt.</p> <p>-Tettare kontakt /samarbeid mellom elevtillitsvald og kontaktlærer. -Opplæring i tillitsvaldrolla</p>	<p>Leiinga, miljøkoordinator.</p> <p>Kontaktlærer</p> <p>Leiinga Miljøkoordinator</p>	<p>2019/2020</p> <p>Møtetida til elevane og lærarane.</p> <p>September-oktober.</p>
Opplæringa skal gi kunnskap og haldningar som gjev lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg.	<p>Prosjekt på tvers av klasse som fremjar fellesskap og identitet ved skulen. -Klima og miljøprosjekt -Krabbeprosjektet</p> <p>Yrkesretta utdanning.</p> <p>Bruke døme som er relevant frå lokalsamfunnet i opplæringa.</p>	<p>Kontaktlærer Faglærer</p> <p>Faglærer</p> <p>Faglærer</p>	<p>2019/2020</p> <p>2019/2020</p> <p>2019/2020</p>
Elevar og lærarar skal medverke til eit læringsmiljø der alle er trygge på seg sjølv og andre.	<p>«Drømmeskolen» sine aktivitetar i klassene og for heile skulen.</p> <p>Klassemiljø på agendaen i møtetida for elevar og lærarar.</p> <p>Rask oppfølging og bruk av retningslinjer etter opplæringslova §9A</p>	<p>«Drømmeskolen» ressursgruppe. Elevmentorar</p> <p>Kontaktlærer</p> <p>Kontaktlærer Faglærer Leiinga/rektor</p>	<p>2019/2020</p> <p>2019/2020</p> <p>2019/2020</p>

Meistring

Utviklingsmål	Tiltak	Ansvarleg	Tidsrom
Elevane skal få ei opplæring som gjere den einaskilde motivert til fagleg-, sosialt- og personleg engasjement.	Variert opplæring som er relevant, og yrkesretta.	Faglærer	2019/2020
	Bruke variert praksiserfaring både i arbeidslivet og gjennom å invitere brukargruppe inn på skulen.	Faglærer	2019/2020
	-Opplæring i bruk av digitale læringsverktøy.	E-pedagogar	2019/2020



	Tilpassa opplæring til den enkelte elev sine føresetnader.	Faglærer	2019/2020
	Utplassering tilpassa eleven.	Kontaktlærer/faglærer	2019/2020
Elevane skal oppleve ein tydeleg samanheng mellom mål, innhald, læringsstrategiar og vurdering.	Mål ved oppstart av undervisninga og oppsummering ved slutt på time.	Faglærer	2019/2020
	Tydeleggjere mål med eksempel i forhold til måloppnåing.	Faglærer	2019/2020
	Gå igjennom vurderingskriteria til kvart enkelt kompetansemål og byggje undervisning på dette.	Faglærer	2019/2020
	Elevmedverknad – metode og vurdering. Inkludere elevane i eiga læring.	Faglærer Elevar	2019/2020
	Bruk av digitale hjelpemiddel for å tilpasse opplæringa.	Faglærer	2019/2020

Gjennomføring

Utviklingsmål	Tiltak	Ansvarleg	Tidsrom
Elevane skal få oppfølging til å meistre læringsarbeidet sitt.	Bruk av fagsamtalar.	Faglærer	
	Trygge relasjonar slik elevane ynskjer å få hjelp.	Faglærer Kontaktlærer	
	Tidleg støtte til dei som treng ekstra hjelp.	Faglærer Kontaktlærer	
	Bevisstgjere elevar om gode læringsprosessar.	Faglærer Kontaktlærer	
	Pedagogisk rapport som grunnlag til tilpassa undervisning/opplæring.	Faglærer Kontaktlærer Leiing PPT	



Minst 87% av elevane skal gjennomføre skuleåret i kvar gruppe.	Tidleg oppfølging ved fråvær.	Kontaktlærer Faglærer	
	Tidleg oppfølging av elevar som viser/har lav motivasjon.	Faglærer Kontaktlærer	
	Sosiale aktivitetar der elevane finn vener, og/eller blir involvert i positive miljø.	Kontaktlærer Elevmentorar	
	Tett samarbeid med ungdomsskulane i omlandet slik at skulen kan tilrettelegge best mogleg til enkeltelvar som startar på vg1.	Rektor Avdelingsleiar PPT	
	Samarbeid med ungdomsskulen om gjennomgåande fag i nye læreplanar.	Fagseksjon Faglærer	
	Kople inn eksterne ressursar som helsesøster, PPT, tidleg.	Kontaktlærer Avdelingsleiar Rektor	



Samarbeid med privat og offentleg næringsverksemd

Utviklingsmål	Tiltak	Ansvarleg	Tidsrom
Sikre informasjon om privat og offentleg næringsverksemd til elevar	Legge til rette for bruk av entreprenørskap som pedagogisk metode. Td. å arrangere næringskonferansen Framflyt.	Leiinga, faglærarar, ungdomsbedrift.	Sept.2019
	Skape formelle møteplassar – nettverksmøter.	Avdelingsleiar, arbeidslivskontakt.	Skuleåret 2019/2020
	Reise på bedriftsbesøk i relevante fag. Lage årshjul.	Faglærarar.	Skuleåret 2019/2020
	Lektor 2 program Lektor 2 program YF	Faglærarar kjemi studiespesialiserande. Yrkesfaglærarane	Skuleåret 2019/2021
	Etablere partnerskapsavtalar.	Faglærer, arbeidslivskontakt.	Skuleåret 2019/2020
	Samarbeid med Ungt Entreprenørskap. -Sjef i eige liv – matematikk/samf.fag	Faglærarar, avdelingsleiar.	Skuleåret 2019/2020
	Utvikle samarbeidet med MMR (Måløy Marine ressurscenter) som styrkjer undervisninga.	Faglærer Avdelingsleiar/rektor	Skuleåret 2019/2020
	Utvikle og styrke opplæringa innan akvakulturfaget ved hjelp av opplæringskonsesjonen som blir drifta av MOWI.	Faglærer Avdelingsleiar Prosjektstillinga	Skuleåret 2019/2020
Sikre lærekontraktar	Ha god oppfølging etter utplassering.	Faglærarar, arbeidslivskontakt.	Skuleåret 2019/2020
	Bruke utplassering/YFF. Ha god dialog med bedrifter og på tidleg stadium inngå avtalar om lærekontraktar.	Faglærarar, avdelingsleiar og arbeidslivskontakt.	Skuleåret 2019/2020
	Ha tett dialog med opplæringskontora.	Faglærarar, utviklingsleiar	Hausten 2019



Mål og strategiar per avdeling

Denne delen av utviklingsplane skal gi avdelingane moglegheit til å sette sine egne mål uti frå satsingar eller utfordringar som ein har på denne. Dette bør vere målsetningar som skal vere i mål med innan utgangen av skuleåret 2021.

Strategiane og tiltaka skal sikte mot dei felles langsiktige måla, men skal også vere spesifikt nok til at ein veit kva ein skal sikte mot i det daglege.

Teknikk og industriell produksjon

Utviklingsmål avdeling	Tiltak
Vidareutvikling av nettverka rundt utdanningsprogramma	Ta initiativ til samling av nettverka rundt Tip-området og Køyretøylinja i samarbeid med opplæringskontora.
Kompetanseheving i forhold til nye læreplanar	Delta i fylkesvise kurs og konferansar om dei nye læreplanane. Ta initiativ til lokale kurs, eller samarbeide med naboskular om dette.
Modernisering av verkstadane	Utarbeide investeringsplan for verkstadane i tråd med dei nye læreplanane.

Bygg- og anleggsteknikk

Utviklingsmål avdeling	Tiltak
Styrke klassemiljøet	Legge til rette for inkluderande sosiale aktivitetar for å fremje læring og trivsel.
Digital kompetanse	Bruke fleire digitale læringsplattformer for å kunne samhandle betre med det lokale næringslivet.
Motivasjon gjennom meistring	Bygge motivasjon ved tilpassa opplæring der teori og praksis går hand i hand.

Naturbruk

Utviklingsmål avdeling	Tiltak
Trygge læringsmiljø	Legge til rette for at elevane lærer i eit stabilt og godt miljø.
Sikre god samanheng mellom teori og praksis.	Elevane skal sjå samanheng mellom det dei lærer på skulen og det som møter dei ute i bedriftene.
Dyrke kontakta med næringslivet	La elevane bli kjent med næringslivet gjennom bedriftsbesøk, utplassering og skulebesøk.



Helse- og oppvekstfag

Utviklingsmål avdeling	Tiltak
Minst 87% av elevane skal gjennomføre skuleåret i kvar gruppe.	Stabile og kompetente støttetiltak frå tidleg i skuleåret ved hjelp av kartleggingar som gjev grunnlag for tilrettelegging til den enkelte elev. Dialog om tilretteleggingstiltak, pedagogisk rapport og vedtak med PPT. (frist haustferien) Dialog med elevane om tiltak for meistring (nokon har trua på meg) og tryggleik gjennom oppstart- og elev/fagsamtalar. Stille krav og trygge rutinar.
Opplæringa skal gi kunnskap og haldningar som gjev lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg.	Prosjekt på tvers av klasse som fremjar utvikling, tilhøyr og tryggleik i tråd med kompetansemål som møter dette utviklingsmålet. Td. fleirkulturelt prosjekt, praksispakke, livsglede for eldre.
Alle elevane skal bli sett og høyrte.	«Drømmeskolen» som metode for å nå målet. Skape gode relasjonar elev-elev, elev-lærer, elev-leiing. Trivselstiltak ved skulestart og gjennom året. Faste sosiale treffpunkt på tvers av klasser t.d 2 gangar per termin. Bruk av møtetid for elevar til samtalar, samarbeid om opplæringa og bygging av sosiale relasjonar. Samtaler gjennom året.

Restaurant- og matfag

Utviklingsmål avdeling	Tiltak
Opplæringa skal gi kunnskap og haldningar som gjev lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg	Styrke samhald mellom RM og KS gjennom samsarbeidsprosjekt. Leggje til rette for fagleg utveksling mellom RM og KS. Leggje til rette for sosialt samvær tidleg i skuleåret.
Elevar og lærarar skal medverke til eit læringsmiljø der alle er trygge på seg sjølv og andre	Ha ei tydeleg klasseleiing, tema i klasselærarråd. Skape eit inkluderande klassemiljø.
Elevane på ungdomsskulen skal oppleve RM som er spanande og framtidretta utdanningsval.	Rekrutteringstiltak som Kok i hop, UB, Kokkekamp, utdanningsval, media.



Studiespesialisering

Utviklingsmål avdeling	Tiltak
Trivsel	Alle prøver må ligge i Team-up-prøvekalenderen. Den einssilde lærar legg inn sine prøver innan 1. september. Kontaktlærar vil ha eit redaktøransvar og vil kunne gjere endringar som er til det beste for elevane. Blir det endringar etter 1. september så må dei diskuterast med elevane og avklarast med lærarane.
Meistring og gjennomføring	Elevane skal oppleve forutsigbarheit i samband med vurderingssituasjonar. Lærarane må i større grad diskutere vurderingsformer med elever og vurderingskriteria må vere heilt klare for elevane.
	Gjere elevane bevisste om eigne læringsstrategiar og gode læringsprosessar for unngå skippertak og pugge-mentalitet.
Samarbeid med privat og offentlig næringsverksemd	Elevane skal oppleve studiespesialiserande som relevant og få kjennskap til vidare studiar og yrker.

YSK/TAF

Utviklingsmål avdeling	Tiltak
Samarbeid med næringslivet	Samarbeid mellom YSK koordinatorane
Gjennomføring og meistring	Være «tett på» elevane i alle fag slik at dei får mest mogleg tilrettelegging til sitt nivå. Samarbeid med bedriftene i høve utarbeiding, endringar av planar med målestting om at alle elevane kan gå opp til fagprøve før skuleslutt 4.skuleåret.
Trivsel	Knyte kontaktar mellom YSK elevane. Alle retningar og trinn 1.-4. Knyte kontakt med studie.spes elevane.



Maritime fag

Utviklingsmål avdeling	Tiltak
Alle elevane skal bli sett og høyrte.	<ul style="list-style-type: none">- Ekstra fokus på undervegssamtalar.- Elevsamtaler dokumenterast i skulearena.
Elevane skal få ei opplæring som gjere den enskilde motivert til fagleg, sosial og personleg utvikling.	<ul style="list-style-type: none">- Legge opp til meir praktiske prøvar med evaluering.- Auka fokus på samarbeid mellom fellesfag og yrkesfag.
Elevane skal oppleve ein tydeleg samanheng mellom mål, innhald, læringsstrategiar og vurdering.	<ul style="list-style-type: none">- Ta i bruk aktivt digitalt vedlikehaldssystem, både i undervisning og i praksis-

Leiargruppa

Utviklingsmål avdeling	Tiltak
Betre informasjonsflyten	<ul style="list-style-type: none">- Lage oversikt på informasjonskanalar som er knytt til Måløy vidaregåande skule.- Utarbeide matrise for kva system ein brukar til informasjon av ulik karakter.
Samarbeidsarenaer næringslivet	<ul style="list-style-type: none">- Nettverksmøte på alle utdanningsområda.- Samarbeidsbedrifter - partnerskapsavtalar – registrering i finnbedrift.no
Rehabilitering / nybygg	<ul style="list-style-type: none">- Fornyng av bygg og anlegg.<ul style="list-style-type: none">o Følgje opp B og C.o Delta i planlegging A og D.- Skulefartøy.- Akvahall.

7. Forankring og evaluering

Evalueringa av utviklingsplanen skal omfatte dei planlagde tiltaka i utviklingsplanen, vurdering av kvaliteten på tiltaka og i kva grad skulen har nådd utviklingsmåla i planen.



Evalueringa skal ha fokus på at utviklingsplanen skal vere forankra i skulen si drift, fylket sine målsettingar. Det er ei målsetjing at informasjon som blir kartlagt gjennom evalueringar skal formidlast til dei som har ansvar for gjennomføring av tiltaka, for å forbetre og vidareutvikle opplæringa.

Utviklingsplanen skal vere på dagsorden i første klasselærarråd i skuleåret, med gjennomgang av aktuelle tiltak. Elevrådet skal gå gjennom planen.

Skulen sitt kvalitetssikringssystem skal sikre kontinuerlege forbetringar, dokumentasjon av arbeidet og avdekke manglar i opplæringa.

Leiinga vil gjennomføre kontinuerlege vurderingar av dei planlagde tiltaka i utviklingsplanen. Utviklingsplanen skal vere ein del av leiingas gjennomgang. Leiinga, tillitsvalte og tillitselevar vil gjennomføre ei hovudevaluering av heile planen i april/mai. Denne hovudevalueringa vil danne grunnlag for utarbeiding av neste års tiltaksplan.